

Lydlogg – Gunda Karklina

- 00:00:00 Kjem frå Tirza i det austlege Latvia
Hadde sykkel då ho vart ungdom
Akte mykje og gjekk på ski om vinteren
- 02:04:00 Vaks opp i eit tidlegare menighetshus
- 03:15:00 Det var eit murhus og ganske fint med vakre syrinbuskar
- 03:45:00 Pappa var busssjåfør og seinare meklanikar. - mor arbeidde på apotek
- 04:15:00 [Farmor og farfar passa oss då me var små](#)
- 04:48:00 Dei hadde stort hus med fin hage – ho som eigde det hadde reist til USA
- 06:25:00 Farmor var veldig fin dame. Hadde berre tre års skulegang men snakka tre språk
- 07:06:00 Farmor flytta frå Polen då ho var 29 år . .
- 08:32:00 [I sovjetisk tid arbeidde dei vaksne i Kolkhos – \(Kollektivbruket\)](#)
- 09:10:00 Farmor sang mykje, og fortalte om krigen og då ho arbeidde for ein lege i bygda
- 10:20:00 Legen vart deportert til Sibir etter krigen og kom aldri attende
. Fafar elska meg høgt. Han las og fortalte eventyr. Alle ville ha han då han var ung
- 12:30:00 [Han var møllar då Latvia var fritt – før krigen. Dei som eigde mølla vart og deporterte](#)
- 13:30:00 Kanhende pappa hugsar om nokon kom attende frå Sibir
- 13:59:00 [I Sovjetisk tid var dei redde for å fortelja](#)
- 14:50:00 Når dei drakk brennevin, fortalte dei litt. Då song dei latviske fridomssongar.
- 16:20:00 [Julefeiring var forbode då eg vaks opp. Men me feira hemmeleg jul.](#)
- 17:50:00 Trur fleire feira jul, men eg har ikkje snakka med nokon om det.
- 18:05:00 Nyttårsfeiring var vanlig i Sovjetunionen. Me hadde nyttårsferie
- 18:48:00 Ein gong tok mor oss med i kyrkja i jula. Etterpå vart ho kalla inn til rektor
- 20:20:00 [Alle var med i Unge pionerar – me lærte å marsjera og å helsa Partiet](#)
- 21:30:00 i vidaregåande skule vart nokre med i den kommunistiske ungdomsorg – men ikkje alle.
- 22:20:00 Det var egentlig ganske greit å vera med i pionerane.
- 23:10:00 Men nå ser eg det som opplæring i kommunisme – alle måtte vera med
- 23:50:00 [Ein gong fortalde i jente at dei hadde feira påske – på Lenin sin bursdag](#)
- 26:00:00 Ei verd var heime – ei anna verd var på skulen.
- 27:10:00 Eg høyrde lite om krigen. Berre at det var velferd då Latvia var fritt før krigen.
- 27:40:00 [Under krigen var nokre på latvisk fridomssida og andre var på den kommunistiske sida.](#)
- 28:05:00 Morfar var på den kommunistiske sida – han blei skoten av dei som sto for det frie Latvia
- 29:00:00 Vanskeleg å seia kvifor morfar valde sovjetisk side.
- 29:50:00 På grunn av han vart ikkje mamma sin familie deportert etter krigen.
- 30:45:00 Mormor tok oss alltid med til morfar si grav.
- 31:42:00 [Mi syster hadde ei venninne som kom heim att frå Sibir](#)
- 32:50:00 Litt rart – eg får tårer i augene av desse spørsmåla
- 33:40:00 [Utdanning: Eg likte pionerleiaren. Ho var lærar. Det ville eg og bli.](#)
- 34:37:00 Reiste til Liepaja for å studera pedagogikk.
- 35:19:00 Det var gratis å studera i Sovjetperioden.
- 35:40:00 Liepaja var ein flott by. Vintrane er milde. Mange fine soldatar der – men lite kontakt
- 37:30:00 Studerte frå 83 til 87. Dei siste åra greip ideen om uavhengighet om seg. .
- 37:49:00 [Skitrenaren vår var veldig oppteken av Latvias historie og kunst og fridom](#)
- 39:49:00 Flytta til Riga i 1987 – fridomsrørsla var begynt då.
- 40:15:00 Min kjæreste var også opptatt av fridomen. Han las ulovleg litteratur.
- 41:00:00 Me gjekk på møter ved fridomsstatua for å synga latviske songar
- 42:00:00 Me var ikkje redde – me ville bli fri Mange unge, men mest folk i 50-åra
- 42:25:00 [Song er viktig i Latvia. Me song oss til fridom](#)
- 44:18:00 Me song alltid - dei gamle songane vert borte nå
- 46:10:00 Det er berre tretti år sidan barrikadane vart reiste i Riga...
- 46:45:00 Den viktigaste dagen i barrikadetida -7. januar – vart dotter mi fødd

Ark1

48:50:00	Nokre vart skotne, ikkje så mange. Og i 1991 vart me heilt frie
49:20:00	Femti år under Sovjetunionen – og så plutselig fridom
49:44:00	Rockeoperaen «Lāčplēsis» vart viktig i fridomsrørsla
50:45:00	Sjølv om butikkane var tome, var folk stolte og glade for å leva
53:20:00	Då det hadde gått ei tid og forholda vart betre, då begynte folk å klaga
54:20:00	Det har blitt meir ulikskap, men folk har ikkje blitt fattigare. Mange har reist ut.
55:50:00	Offentleg tilsette har dårleg løn.
56:24:00	Rundt 1999 var det ei stor krise. Mange reiste til Irland og England.
57:37:00	Eg er egentlig ei anna forteljning. Eg fekk tilbod om å reise til Noreg.
58:50:00	Friplass på Birkeland Folkehøgskule 1992-93
12:00:00	Reiste heim atty etterpå, men sleit økonomisk
60:40:00	Frå 1997 fekk eg sommarjobb som kjøkkenassistent i Birkeland kvart år
62:18:00	Då dotter mi skulle studere, reiste ho til Bergen –
63:40:00	Eg reiste til Bergen av di eg vart aleine i Riga
64:27:00	Eg ville prøva noko som var annleis – derfor er eg her
65:20:00	Mitt mål er å læra barneborna å snakka latvisk
65:53:00	For meg er Noreg blitt det andre heimlandet.
66:38:00	Eg tenkte at eg berre skulle tene litt ekstra penger – men det vart mykje meir.
68:00:00	Nokre menneske må leva mellom to land.
69:08:00	slutt

Stikkord om innhaldet i intervjuet:

(Tala til venstre er tidskodar - minutt og sekund frå start. Blå tidskodar er klikkbare.

Du kan laga eigne peikarar ved å erstatta minutt (m) og sekund (s) i denne nettadressa:

<https://vimeo.com/228782404#t=33m40s>)